

Frist:

Sendes til: postmottak@kmd.dep.no

Sluttrapport BOLYST

Til: KMD

Fra:

Dato:

Innledende tekst som sier noe om formålet med rapporteringen...

Kommune:	Bø kommune, Telemark
Prosjektnavn:	ROM for ALLE
Prosjektleder:	Anne Gry Sturød 2012-2014 Sindre Flø 2014-2015
Leder i styringsgruppen:	Åse Egeland, rådmann Bø kommune
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Lene Hennem/Geir Berge Nordtveit
Hvilke mål og eventuelle delmål har prosjektet hatt?	Effekt mål for hovedprosjektet <ul style="list-style-type: none">• Auke tal studentar ved studiestad Bø med 150 innan 2020 (Tal studentar i 2011 er 2500, av desse er om lag 1800 busett i Bø)•Auke samla folketal i Midt-Telemark med 150 innan 2020•Auke tal besøkande i Midt-Telemark med 10 % innan 2020•Auke tal arbeidsplassar i Bø med 10 % innan 2020 Resultatmål for hovedprosjektet <ul style="list-style-type: none">• Bekrefta ekstern finansiering frå fylkeskommune (trafikksikring, folkehelse, spelemidlar, friluftsliv), fylkesmann (landbruk), kulturrådet og Bolyst.• Innført frikjøpsordning i samarbeid med gardeigarar• Opparbeidd Evjudalen i tråd med reguleringsplanen med fangdam, turvegnett og aktivitetsanlegg• Opparbeidd minst eitt interaktivt bakgårdsrom i samarbeid med gårdeigarar.• Gjennomføring av aktivitetar. Aktivitetane skal vere forankra hos aktuelle samarbeidspartnarar med sikte på fast etablering. (Bøker i Bø og Bø i bevegelse).
Hvilke hovedaktiviteter og tiltak er gjennomført i prosjektet?	<ol style="list-style-type: none">1. Bø Torg som aktivitets- og arrangementsarena2. Gardsrom3. Bøker i Bø4. Bø i bevegelse5. Opparbeiding av Evjudalen Friluftspark
Hvilke resultater er oppnådd i prosjektperioden?	Alle resultatmål er innfridd, så nær som bakgårdsrom og opparbeiding av Evjudalen, som skal realiserast. Bakgårdsrom er planlagt i samarbeid med utbyggjar Rose Eiendom og vert opparbeida av Rose Eiendom i 2016 med bygging av det nye Skogenkvartalet. I Evjudalen er byggetrinn 1 opna.

	<p>Byggetrinn 2 er under opparbeiding og vil bli ferdigstilt i løpet av første kvartal 2016. Prosjektet er på dette området forseinka pga ein damkollaps med påfølgjande forsikringssak i 2013. Status for gjennomføring av hovudaktivitetar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Gjennomført 7 ulike arrangement (fleire av desse i 2 år på rad) i samarbeid med næringsliv, skular, barnehagar og studentorganisasjonar, for stimulering til nytenking og etablering av nye tradisjonar i bygda. Døme er Kaffedagar og torgarrangement. Maimarknad og Oktobermarknad er no vel etablerte torgdagar som prosjektet har sett i gang, og som no vert drive framover av handelsstanden som årlege arrangement. 2. Etablert god samhandlingsmodell for samarbeid med eigedomsutviklarar og utbyggjarar i Bø. Det er opna moglegheit for frikjøp frå delar av krav til utandørs opphaldsareal, ved å investere i Evjudalen Friluftspark. 3. Litteraturfestivalen Bøker i Bø gjennomført 4 år på rad. Godt etablert som frivillig driven festival. Det vert ny festival 28. april – 1. mai 2016. 4. Etablering av Frisklivssentral og treningspark 5. Opparbeida nytt gang-/sykkelstinet, 3 fangdammar, heving av landskap og drenering av aktivitetsflater. I tillegg er vi halvvegs i ferdigstilling av treningsområde, leikeområde, bålplassar og benkar. <p>Effektmål er innfridd 5 år før tida:</p> <p>Resultat av effektmål om befolkningsvekst er allereie overoppfylt.</p> <table border="1" data-bbox="459 1137 1294 1216"> <thead> <tr> <th>År</th> <th>2012</th> <th>2013</th> <th>2014</th> <th>2015</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Folketall</td> <td>5766</td> <td>5791</td> <td>5834</td> <td>6060</td> </tr> </tbody> </table> <p>Talet på arbeidsplassar har stige frå 779 i 2012 til 851 i 2014. Dette er ei auke på noko over 9% og vi er nære på å nå målet om 10% auke for 2020 innan kort tid.</p> <p>Talet på studentar i 2012 var 2414, der om lag 1630 hadde sine daglege studier i Bø. I 2015 har tala steg til 2757, og om lag 2020 har sine daglege studier i Bø. Altså ei auke på 390 studentar som er busett i eller rundt Bø.</p>	År	2012	2013	2014	2015	Folketall	5766	5791	5834	6060
År	2012	2013	2014	2015							
Folketall	5766	5791	5834	6060							
<p>I hvilken grad har prosjektet nådd sine mål? Sett ett kryss</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Resultater og mål er i hovedsak realisert – X - Forventer resultater først innen to år fra nå - Forventer resultater først etter to år eller mer - Forventer ikke vesentlige resultater 										
<p>Hvilke uventede resultater har prosjektet hatt (positive og/eller negative)?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Parallelt med første del av opparbeidinga av Evjudalen, vart det gjennomført grunnundersøkingar i sentrum, som resulterte i krav om støttefyllingar i botn av skråningane opp frå Evjudalen for å kunne gjennomføre byggetiltak oppe på kantane.. Med støtte frå NVE fikkvi etablert støttefyllingar på nordsida av dalen i samband med etablering av dammar og heving av terrenget i Evjudalen. • Kommunen har opparbeida ny og betre kunnskap om universell utforming, gjennom møteverksemd, kurs, synfaringar og seminar med t.d. Telemark fylkeskommune. • Positiv kopling til pilotprosjektet Kultur- og naturreise i Bø og Sauherad – digital registrering og formidling av kulturminne 										

	<ul style="list-style-type: none"> • Prosjektet har ført til betre kjennskap og opna opp moglegheiter for eit meir langsiktig samarbeid med høgskolen.
På hvilken måte har prosjektresultatene kommet målgruppene til nytte?	Prosjektet har retta seg mot ei breimålgruppe, men med vekt på unge vaksne (18-35) både innflyttarar, studentar og bufaste i Bø kommune og i Midt Telemark generelt. Oppslutninga under arrangementa og det faktum at fleire av arrangementa som vart sett i gang av prosjektet, har vorte tatt over av handelsstanden og/eller frivillige lag og organisasjonar, styrkar vår tru på at vi i prosjektet har nådd ein viktig del av folket i bygda. (Maimarknad, Oktobermarknad, Bøker i Bø) Prosjektet har lukkast med å inkludere og sameine lokale krefter for å styrke aktivitetane og årlege møtestadar med brei appell.
Hvor, geografisk, har prosjektet hatt sine resultat? (Kryss av)	<ul style="list-style-type: none"> a) Helt lokalt nedslagsfelt b) Egen kommune - X c) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. – X
Hvilke målsettinger for distrikts- og regionalpolitikken kan prosjektet bidra til? (Sett kryss ved svaret, max tre kryss)	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen – X b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser x c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd) - g) Styrke regionale senter - h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? - X i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? -
Hvilke arbeidsformer og metodikk er brukt i prosjektarbeidet?	Prosjektet har arbeidd aktivt med å invitere lokale krefter til både workshops, idédugnad, høyringsrundar og inn i aktive ressursgrupper for planlegging av dei ulike tiltaka i prosjektet. Resultata av dette har vorte samla og brukt direkte i vidare planlegging og prosjektering av t.d. torgdagar og leikeplass i Evjudalen Friluftspark. Det er satsa aktivt på å involvere skular, barnehagar, studentar, lag og foreiningar i arbeidet.
På hvilken måte har kommunen/prosjektet fått ny/endret kunnskap om lokalt utviklingsarbeid som følge av prosjektet?	Samarbeid offentleg/privat kan vere krevjande. Prosjektet har med delprosjektet Gardsrom gitt Bø kommune høve til å prøve ut prosessar og modellar for samarbeid mellom offentlege og private aktørar. I arbeidet med Skogenkvartalet har prosjektet klart å opprette eit samarbeidsforum mellom fylkeskommune, kommune, grunneigarar og utviklar der ein kan diskutere felles utfordringar og ønskje for området. Samarbeidsforumet som vart oppretta har gitt mange gode resultat. Prosessen har vore særskild lærerik for kommunen, og gitt oss god røynsle med nye måtar å arbeide med utbyggingsprosjekt og sentrumsutvikling. Eitt konkret døme: Fruktbart å kome i dialog med utbyggar før søknadsprosess og planprosess er starta m.a. for å klargjere posisjonar og forventningar. Dette kan vere eitt av fleire bidrag til ei meir effektiv byggesaksbehandling.
Deltakelse på samlinger med utgangspunkt i	Har dere deltatt på samlinger i forbindelse med prosjektet? <ul style="list-style-type: none"> - Prosjektet har deltatt i fleire regionale samlingar med fokus på stadutvikling, skipa til av Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen

<p>prosjektet og ekstern kommunikasjon</p>	<p>i Telemark.</p> <p>Hvordan har ekstern kommunikasjon bidratt til prosjektresultatet?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen har hatt ei sentral rolle i ekstern kommunikasjon og lagt opp til konferansar og seminar der ulike stadutviklingsprosjekt har vorte presentert og diskutert. - I tillegg har fylkeskommunen hatt ei aktiv rolle i både styringsgruppa og prosjektgruppa for prosjektet, samt stilt med spesialkompetanse utover dette i kortvarig oppsette ressursgrupper til handsaming av enkeltsaker. Det har vore til svært god hjelp i prosessen å få tilgang til gode og erfarne råd og tips, samt opplæring, direkte inn i prosjektet. <p>Har dere delt kunnskap med andre underveis i prosjektperioden?</p> <p>ROM for ALLE har vorte presentert:</p> <ul style="list-style-type: none"> - på «Verkstad om attraktive og berekraftige bumiljø på mindre stader» på Lillestrøm Kultursenter, Scene 5 – måndag 23. november 2015 - for KRD-delegasjon – mars 2013(saman med Fruktbygda) - for Distriktsenteret på synfaring 6. februar 2013 - fleire seminar og konferansar i regi av Bø kommune, Midt-Telemark Næringsutvikling, Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark. <p>Gjennom prosjektet vart det gjort eit forsøk på å etablere eit samarbeid mellom høgskolebygdene Bø, Volda og Sogndal for å dele erfaringar og felles utfordringar. ROM for alle etablerte kontakt og arbeidde for å få til eit seminar i Sogndal, men av ulike orsakar vart ikkje dette gjennomført.</p>
<p>Hva har forankringen betydd for resultatene?</p>	<p>Forankring, både politisk, administrativ leiing, og andre har vore heilt avgjerande for både gjennomføring og sikre vidareføring/-bruk av tiltak sett i gang i prosjektet.</p> <p>I prosjektet har kommunen, vore klar på at vi kan vere igangsettjarar men ikkje drifte større arrangement. Så for å lukkast med tiltaka, har ein tidleg vore opptatt av å involvere skule, turlag, barnehagar, lokalt frivillige, høgskolen og Sentrumsringen, tidleg i oppstart av dei ulike prosessane.</p> <p>At bulystprosjektet har vore godt forankra hos Telemark fylkeskommune har vore svært viktig, då fylkeskommunen har bidratt til å sameine prosjekt i Telemark til samlingar om erfaringsutveksling og diskusjon. Samt, som tidlegare nemnt, fylkeskommunen si direkte deltaking i styringsgruppe og prosjektgruppe..</p>
<p>Hva har bolysttilskuddet betydd for prosjektet?</p>	<p>Bulysttilskotet har ført til at ein i langt større grad enn utan bulystmidlar kunne ha tid til å fokusere på inkludering og involvering av aktive aktørar i Bø i ulike prosessar. Det har vore avgjerande for å kunne gjennomføre så pass store arrangement og møtepunkt, både i tal og omfang, som vi har fått til.</p> <p>Det har vore avgjerande for at kommunen kunne engasjere seg i ein aktiv og kreativ prosess med Rose Eigedom om nye utbygging av Skogenkvartalet. Noko som har leia til ny samhandlingsmodell for utbyggingsarbeid i Bø kommune.</p> <p>Tilskotet gjorde det mogleg å satse på sosiale møteplassar i form av ein litteraturfestival, som ein elles ikkje ville sett i gang.</p> <p>Med tilskotet har ein òg fått den tid og det rommet som trengs for sterkare involvering av ulike delar av befolkninga i planlegging gjennom workshops og idédugadar. Særleg med tanke på involvering av barn og unge i planlegging</p>

	<p>og gjennomføring av arrangement, men og planlegging av leikeplass og aktivitetsflater i Evjudalen. Dette har òg styrka administrasjonen sin kompetanse og gitt god internkommunikasjon mellom dei ulike einingane.</p> <p>Bulystilskotet har bidratt sterkt til meir fokus på og kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Universell utforming - Sentrumsnære turveggar – via Fylkesmannen i Telemark - Stadutvikling – via Telemark fylkeskommune - Prosjektlear- og prosjektstyringskompetanse (PLP-kurs for prosjektlearane) - Medverknad og inkludering - Internt samarbeid mellom ulike kommunale einingar
<p>Gi en kort omtale av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>ROM for ALLE prosjektet har fleire delprosjekt. Delprosjekta vil bli ført vidare av andre, gjennom kommunal drift eller i samarbeid mellom kommune og andre aktørar. Grovt kan ein del inn slik:</p> <p>Bø torg – Sentrumsringen (handelsstanden) vidarefører Mai marknad og Oktober marknad som to årvisse marknadsdagar.</p> <p>Bøker i Bø – vert drifta av eiga styrings- og arbeidsgruppe samansett av erfarne frivillige i samarbeid med Bø kommune (www.bokeribo.no)</p> <p>Bø i bevegelse – vert vidareført gjennom Frisklivssentralen.</p> <p>Evjudalen Friluftspark – blir vidareutvikla og drifta av kommunen.</p> <p>Gardsrom - ny samhandlingsmodell for utbyggingsprosjekt gir kommunen grunnlag for vidare aktivt samarbeid med utbyggarar i prosjekt som er viktige for sentrumsutvikling</p> <p>Det må og merkast at Evjudalen Friluftspark ikkje er ferdigstilt før hausten 2016, og at det frå og med 2016 vil verte arrangert fleire aktivitetar i samarbeid med Frisklivssentralen og frivillige aktørar, der ein vil fokusere på kultur, friluftslivsaktivitetar og trening.</p>
<p>Overføringsverdi / hva kan andre lære av deres prosjekt?</p>	<p>Vi har vore organisert tydeleg som prosjekt, med eigen prosjektlear i 50 %, prosjektgruppe beståande av 3 personar frå fylkeskommune og administrasjon i Bø kommune (kultur og plan), samt ei styringsgruppe sett saman av ordførar og rådmann i kommunen, Telemark fylkeskommune, dagleg leiar for Gullbring kulturhus og representant for Sentrumsringen (handelsstanden). Dette har vore ein ryddig og effektiv måte å organisere prosjektet på, og som har gjort det mogleg å frigjere tid til å gjennomføre prosessar og tiltak som ikkje er del av den ordinære drifta i kommunen.</p> <p>I tillegg har vi arbeidd aktivt med å invitere med lag, organisasjonar, lokale ressurspersonar i og utanfor eigen organisasjon til deltaking i ressursgrupper med spesifikke oppgåver for å sikre god gjennomføring.</p> <p>Slik prosjektorganisering er ofte ein god måte å skape breitt engasjement og involvering i bygda på. Særleg har vi arbeidd mykje med dette motsivlsamfunnet. Her meiner vi at vi har gode erfaringar å dele.</p> <p>Delprosjektet Gardsrom, og arbeidsmetodar/-prosessar, er også døme på erfaringar frå vårt prosjekt som kan ha overføringsverdi til andre. Det er krevjande å få til god kommunikasjon om utvikling mellom kommune og private aktørar.</p>

Det er når vi ser at vi lykkast i desse fora at resultatata vert gode, og større moglegheiter for at tiltak lukkast på lengre sikt.

Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)

På grunn av om lag eitt års forsinking med årsak i damkollaps, er prosjektet først ferdigstilt i slutten av 2016. Likevel er det meste av det som omfattar bulyst ferdigstilt. Med dette meiner vi Gardsrom, Bø i bevegelse, Bøker i Bø og første byggetrinn i Evjudalen. Det som står att i prosjektet er i hovudsak investeringstiltak – resten av 2.byggetrinn og heile 3.byggetrinn i Evjudalen Friluftspark.

Samanlikna med budsjettpostane sett opp i søknaden, er enkelte av budsjettpostane det i rekneskapet kopla i hop. Viktigaste å merkje seg her er at Gardsrom og Bø i bevegelse er slått saman til ein post, og det same gjeld for størstedelen av prosjektstyring og fysiske tiltak.

Rekneskap Rom for Alle	2012	2013	2014	2015	Sum
Prosjektstyring og fysiske tiltak	1 609 349,00	8 905 213,00	892 000,00	4 791 000	11 406 562,00
Gardsrom, Bø i bevegelse og prosjektstyring	508 110,00	528 655,00	515 000,00	80 000,00	1 631 765,00
Bøker i Bø	237 908,00	387 142,00	365 000,00	314 000,00	1 304 050,00
				Sum	14 342 377,00

Finansiering heile Rom for Alle	2012	2013	2014	2015	Sum
Kommunale midlar	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 2 000 000	kr 8 000 000
Tfk regionale utviklingsmidlar	kr 1 500 000			kr 1 500 000	kr 3 000 000
Tfk friluftsmidlar	kr 421 500	kr 315 000	kr 485 000	Kr 235 000	kr 1 456 500
Tfk spillemidlar:		kr 200 000	kr 600 000		kr 800 000
Tfk Trafikksikringsmidlar		kr 786 000			kr 786 000
Fylkesmannen /M-T Landbruk SMIL		kr 500 000			kr 500 000
Tfk Folkehelseiltak			kr 50 000		kr 50 000
Næringsfond		kr 600 000	kr 485 000		kr 1 085 000
Rose Eiendom				kr 30 000	kr 30 000
Kreftforeningen			kr 100 000		kr 100 000
Bolystmidler, KRD - Drift	kr 1 000 000				kr 1 000 000
MTNU	kr 200 000				kr 200 000
UU-midlar/ MD	kr 50 000	kr 35 000			kr 85 000
NVE kvikkleiresikring		kr 785 000			kr 785 000
Tfk Kulturprosjekt	kr 60 000	kr 75 000	kr 100 000		kr 235 000
Fritt Ord	kr 20 000	kr 30 000			kr 50 000
Kulturrådet		kr 60 000	kr 60 000		kr 120 000
SUM	kr 3 251 500	kr 3 386 000	kr 1 880 000	kr 1 530 000	kr 10 047 500

Rekneskap pr. 23.11.2015.